



Hordaland fylkeskommune, Fylkeskonservatoren - Kultur og idrettsavd.

Vår dato: 15.12.2017  
Vår ref: 2017/3501 - 26511/2017 / 243  
Dykkar ref:

### Søknad om tilskot til verna kulturminne i Hordaland.

På vegne av innkomne søknader om tilskot til verna kulturminne i Hordaland søker Stord kommune om tilskot til vidarefordeling. Samla søknadssum er kr 245 550,-.

Stord kommune fekk 4 søknader innan søknadsfristen som var sett til 15. november i år. Ein søknad gjeld istandsetting av ei røykstove, og tre av søknadene gjeld same bruket, men det vert sökt om tilskot til 2 ulike bygningar. Eit naust og ei løe.

#### Søkjer Sonja Larsen Arnevik. Gardsnamn: Føyno Gnr, Bnr 51/3

**Søknadssum** **kr 162 550**

Røykstove – tidfesta til 1600. Bygningsnummer 174039291 / Sefrak 1221-0007-127

- Tilskot skal nyttast i samsvar til å restaurerer bygget med nye sperrer, nytt sutak, montere taklektar og legge skifer på taklektene. Ny bord-kledning.

Totale utgifter kr 280 000

Finansiering: Eigne midlar	kr 162 550
Tilskot Hordaland fylkeskommune	kr 117 450

#### Søkjer Gunnlaug M. Røsbø Skår. Gardsnamn: Røsbøvik. Gnr, Bnr 67/2

**Søknadssum** **kr 35 000**

Løe – tidfesta 1900 - 1924 Bygningsnummer 140603961 / Sefrak 1221-0001-195.

- Tilskot til å forsterke berande konstruksjon der det er nødvendig. Reparere tak. Delvis nytt golv i høystål. Ny kledning i sør og på hønsehus. (tilbygg). Ny takrenne i aust.

Totale utgifter kr 114 500

Finansiering: Tilskot frå Kulturminnefondet	kr 39 000
Eigne midlar	kr 40 000
Tilskot Hordaland fylkeskommune	kr 35 000

Løe tidfesta 1900 -1924 Byggningsnr 140603961 / Sefrak 1221-0001-195

**Søknadssum kr 40 000**

- Tilskot til å restaurere grunnmur. Muren skal byggjast opp att med original stein.

Totale utgifter kr 250 016,-

Finansiering: Dugnadsinnsats	kr 10 000
Eigne midlar	kr 30 016
Privat tilskot	kr 45 000
Søknad Hordaland fylkeskommune	kr 40 000
Søkt kulturminnefondet	kr 125 000

Naust tidfesta uvisst - 1800 talet? Byggningsnr 140603988 / Sefrak 1221-0001-197

**Søknadssum kr 8 000**

- Istandsetting av naustet i samsvar med antikvariske retningsliner for framtidig bruk som naust. I første omgang å unngå at det fell ned i front

Totale utgifter kr 38 875

Finansiering: Eigne midlar	kr 15 875
Søkt kulturminnefondet	kr 15 000
Søknad Hordaland fylkeskommune	kr 8 000

**Vurdering**

Fylkeskommunen ber kommunane sende ein prioritert søkerliste til fylkeskommunen og viser til kulturminneplanen med følgjande grunngjeving:

**Bruk nr 51 Føyno**, er omtalt i bygningsvernplanen:

«På Føyno møtest det aller eldste og det aller nyaste som ingen andre stader i kommunen. Nokre få hundre meter frå bomstasjonen til trekantsambandet ligg Tingvikjo, der det står tufter etter ei bu som er datert til 1000-talet. Namna Føyno og Nautøyno tyder på at øyane frå først av har vore nytta til beiteland. Men på begge øyane er det funne gravminne, noko som tyder på at garden har vore bebodd lenge. På Føyno har det vore tre bruk. Bruk nr 2 er i dag hytteområde for Verkstadklubben ved Aker Solutions. Dei to andre brukna har bevart dei gamle tunna, som begge er vesentlege innslag i kulturlandskapet på Føyno. Frå tunet på bnr 1 og innover og også nedover mot Lonkjølvikjo er fint kulturlandskap, det har stor lokal verneverdi og er teke med i planen. I dette området er det også funne fleire steinalderbuplassar og på knausen opp frå Nordavikjo er ein liten gravhaug.»

På bruk gnr 51 bnr 3 er naust og sjøhus teken med i bygningsvernplanen. Det at røykstova ikkje er nemnt, betyr ikkje at bygget ikkje er verneverdig.

Bruk nr 67/2 Røsbøvik er ikkje særskilt omtalt i bygningsvernplanen.

Sjølv om ikkje husa på garden Røsbøvik er særskilt nemnd i bygningsvernplanen så er dei likevel verneverdig og flotte kulturminne om dei vert teken i vare.

I Stord kommune sin bygningsvernplan så er det trekt frem døme på ulike bygningar som bør takast vare på. Når planen skal reviderast lyt ein vurdere å lage ei oversikt på alle bygningar der ein rår til å restaurere for vern.

Ved eininga Kulturtenester meiner me at alle dei 4 søknadene kvalifiserer for tilskot.

Med helsing

Guri Andresen Aksnes  
kulturkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift*